



Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2

6863 LEIKANGER

Vår ref.
11/958-23/K2-B00//PKS

Dykkar ref.

Dato:
02.11.2015

Tilbakeføring av TIP til Stryn vidaregåande skule.

Under prosessen med skulebruksplanen vart TIP utdanninga flytta frå Stryn vidaregåande skule. Dette til tross for god søknad og eit lokalt næringsliv som er sterke på området.

Stryn kommune vonar fylkeskommunen no vil sjå på tilbodsstrukturen ved skulen på nytt.

Stryn har ei positiv elevtalsutvikling (sjå vedlegg) og er sterke på landbasert industri.

Det er også viktig å rekruttere til transportbransjen som har stort behov for arbeidskraft framover. (jmf VG2 transportfag ved Stryn vgs)

Stryn vidaregåande skule og det lokale næringslivet har også vore dyktige i forhold til å få lærlingar ut i bedriftene. Ved at elevane får knytte kontakt med det lokale næringslivet på VG1 nivå, vil det vere større sjanse for at dei ynskjer å kome tilbake etter endt VG2 utdanning og bli lærlingar. Lokal tilknytning er også viktig i forhold til å halde fram i bedriftene etter endt lærlingtid.

Vi ser no at det er færre frå Stryn som vel TIP utdanning. Dette skuldast at ungdom ofte ynskjer å gå på den nærmaste skulen. Eit VG1 kurs TIP på Stryn Vidaregåande skule vil igjen gjere denne utdanninga meir attraktiv. I neste runde vil det vere med på å sikre oppfylling, ikkje berre på Transportfag i Stryn men også på andre VG2 kurs innan fagområdet i Nordfjord.

Samarbeidet mellom skule og næringsliv er godt i Stryn. Dette førte også til at det vart oppretta ei koordinatorstilling løna av det lokale næringslivet i 2013. Koordinatoren skal arbeide for endå tettare samarbeid mellom skule og næringsliv i Stryn og Hornindal.

Det sterke fagmiljøet som er innan landbasert industri, transport og bilfag i nærmiljøet til skulen, vil kunne vere med på å styrke utdanninga og syte for at elevane får relevant og god

Postadresse/besøksadresse:	Telefon	57 87 47 00	Banksamband	
Tonningsgata 4	Telefaks:	57 87 47 01	Nordea	6557 05 02802
6783 STRYN			Sparebanken SFJ	3795 07 00239
Org.nr: 963 989 202	e-postadresse:	postmottak@stryn.kommune.no	Nordea (SKATT)	6345 06 14493
	Heimeside:	http://www.stryn.kommune.no		

praksis i næringslivet alt frå VG1 nivå. Det er også ein klar styrke i forhold til at lærarane ved utdanninga kan halde seg fagleg oppdatert.

Det er viktig for Stryn kommune og legge til rette for at det lokale næringslivet skal kunne rekruttere relevant arbeidskraft. Det er også viktig å legge til rette for at våre ungdomar skal få ei relevant og god utdanning som samsvarer med næringslivet i kommunen.

Stryn er ei vekstkommune. Vi ynskjer også i framtida å vere eit kraftsenter i Sogn og Fjordane. Skal vi klare dette er det viktig at fylkeskommunen er med og sikrar viktige kriterier for vekst. Ein sterk Stryn vidaregåande skule med relevante utdanningsprogram vil her vere særst viktig.

Vonar difor VG1 TIP vil vere søkbart ved Stryn vidaregåande skule til skuleåret 2016/2017.

Med helsing



Sven Flo
Ordførar



Per Kristian Storevik
rådmann

Gjenpart til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune, fylkesrådmannen.
Stryn vidaregåande skule
Stryn og Hornindal næringssamskipnad